



Referat frå årsmøte i Herdla kyrkjelyd 29.04.2018

Det vart halde årsmøte for Herdla kyrkjelyd etter gudstenesta søndag 29.april. Det var 10 stk.som møtte opp:

Karen Skråmestø, Solveig Midtøy, Rune Øystese, Reidun Håpoldøy, Ingrid Berland, Kjell Berland, Erlend Bakke, Astrid Marie Haugland, Ivar Eidsaa og Kjellaug Fauskanger Eidsaa

- Vi gjekk gjennom årsmeldinga for 2017 punkt for punkt. Det blei en del merknader på meldinga. Blant anna på kor dei ulike pkt. skulle stå, f.eks.om kyrkjeskys skulle stå under gudsteneste eller diakoni.
- Merknader vil bli endra, og årsmeldinga vil bli tatt opp til godkjenning på soknerådsmøte 2.mai.
- Rekneskap og budsjett for 2018 vart gjennomgått.
- Kyrkjetenar Erlend Bakke fortalte om den nye stillinga si, og at han som kyrkjegardsarbeidar ville få arbeidet sitt på ulike stader ved kyrkjene.
- Det vart teke opp eit spørsmål og eit brev fra ein person som synest prisen for gravfeste var dyr samanlikna med andre kommunar. I Askøy kommune er festeavgifta kr.5000 for 5år. Til dette blei svaret at det blir sendt eit brev vidare til fellelrådet kva denne personen ønskjer å ta opp, så kan det gje eit svar. Det vil bli sendt kopi av brevet til fellelrådet til personen som har henvendt seg til oss.

Fauskanger 30.04.2018

Kjellaug Fauskanger Eidsaa

Leiar Herdla sokneråd